



Referat medlemsmøte 28. april 2016 Leikanger båtlag
Følgjande saker vart lagt fram:

- 1 Avtale om etablering av kabel og røyr**
- 2 Dieseltank og Pumpe**
- 3 Slipp. Instruks**
- 4 Betaling av kontingent, nedbetaling av lån og straum**
- 5 Oppbevaringsboder**
- 6 Handicapvinsj**
- 7 Dugnad**
- 8 Eventuelt**

1 Avtale om etablering av kabel og røyr.

Styreleiar orienterte om avtalen som no er på plass for å leia vekk overflatevatn som no renn rett ut i havnebassenga. Det vil verta litt begrensa tilkomst i hamna under anleggsarbeidet.

2 Dieseltank og Pumpe

Leiar orienterte om anlegget som no har vore i drift ei stund. Ordninga med tanking og betaling fungerer godt.

3 Slipp. Instruks.

Leiar orienterte om arbeidet med slippen.

Det vil verta utarbeidd ein instruks for slippen. Den skal innehalda blant anna reglar om tidsbruk og prisar for ikkjemedlemer.

Det vart oppnemnt ei gruppe med 3 medlemer som skal ha ansvaret for slippen. Slippsjef vart Knut Sundet, dei 2 andre i gruppa vart Andreas Viland og Anders Borlaug.

4. Betaling av kontingent, nedbetaling av lån og straum.

Kasserar understreka at innbetalingane skal ha frist 1. Juli, og at innbetalingane må merkast tydeleg med namn og kva innbetalinga gjeld. Dette vil gjera rekneskapsarbeidet lettare.

5. oppbevaringsboder.

Leiar orienterte om arbeidet. Arbeidet har stått stille ei stund, då båtlaget manglar avklaring med grunneigar. Dette må på plass før arbeidet kan fortsetja.

6 Handicapvinsj.

Leiar orienterte om saka, og understreka behovet for å gjera båthamna meir tilgjengeleg for dei med funksjonshemmingar.

Styret skal arbeida med å vurdera ulike alternative løysingar, kostnader, og mogelege støtteordningar. Kostnadane må inn i framtidig budsjett.

7 Dugnad

På noverande tidspunkt ser ein ikkje behov for store dugnadsprosjekt.

Det vart difor føreslege å dela medlemene i 2 grupper, der kvar gruppe tek del i dugnad annakvart år.

8 Eventuelt

Det kom fram interesse for å setja opp eit klubbhus i hamna.

John Svanevik/referent (sign)